

Ungdomsrådet i Meland – årsmelding om arbeidet i 2015

Representantar Meland ungdomsråd 2015

Val av representantar for Meland ungdomsråd 2015 blei heldt i november og desember 2014 på dei tre ungdomsskulane i kommunen.

Representantar Danielsen ungdomsskule:

8. trinn:

Elias Lavik

Elisabeth Henanger - vara

9.trinn:

Juni Mikkeline Fløysand

Aleksander Falke - vara

10.trinn:

Selma Jakobsen

Isak Hølleland – vara

Representantar Meland ungdomsskule:

8. trinn:

Tim Ivar R. Nernes

9. trinn:

Silje Nordal

Vegard H. Granberg – vara

10. trinn:

Fredrik Johansen

Veronica B. Clausen – vara

Representantar Rossland skule:

8. trinn:

Thea Iden 2 år

Jonas A. Å. Askeland - vara 2 år

9. trinn:

Alrik Frost 2 år

Thale Cecilia Juni Sæterstøl - vara 1 år

10. trinn:

Sofie Furnes Eikeland 1 år

Lasse Skurtveit - vara 1

Leiar vart Fredrik Johansen, med nestleiarane Selma Jakobsen og Sofie Eikeland. Etter at nytt skuleår starta for 2015/16 vart desse tre, med vara, representantar for vidaregåande skule og nye medlemmar for 8. trinn vart valt:

Danielsen ungdomsskule:

Thobias Mellingen
Lars Teigland – vara

Meland ungdomsskule:

Ida Herland
Håvard Moldekleiv – vara

Rosland skule

Susanne Slettebakken
Daniel Bratshaug – vara

Johansen flytta frå kommunen hausten 2015 og vart erstatta som leiar av Silje Nordal. Jakobsen og Eikeland trakk seg som nestleiarar for å fokusere på skulearbeid, og vart erstatta av Alrik Frost og Susanne Slettebakken for 2016.

I 2015 har Ungdomsrådet hatt tre møte, ein workshop og 18 saker.

Orienteringar til Ungdomsrådet:

Orientering til ungdomsrådet ved Meland Frivilligsentral

Fungerande dagleg leiar Ane Bysheim orienterte om arbeidet på Frivilligsentralen. Ungdomsrådet tok informasjonen til orientering

Saker Ungdomsrådet har fått til uttale:

Framtidig bruk av Holsnøy meieri

Ungdomsrådet hadde oppe saka om framtidig bruk av Holsnøy meieri.

- «Ungdomsrådet ser på meieriet som ei investering for framtida og ønskjer å bruke bygget til ungdomsklubb. Kommunen er i stor vekst, òg med tilstrømming av flyktningar, og ungdom tren ein møteplass for å betre sosialisering, skape eit miljø, integrere og inkludere. Rådet ser mykje potensiale og ønskjer å vere del av ein eventuell prosess vidare.»

Ungdomsklubb i banklokalet i Meland rådhus

Ungdomsrådet var på synfaring i det gamle banklokalet.

- «Ungdomsrådet ønskjer å sjå an prosessen med meieriet før ein går vidare med ungdomsklubb i banklokalet.»

Områdeadressenamn Ospholmen

Ungdomsrådet sa seg einig i val av område adressenamn

Områdeadressenamn Øvre Holsbergstien

Ungdomsrådet sa seg einig i val av område adressenamn

Tildeling av ålmenne kulturmidlar for Meland kommune 2015

Ungdomsrådet sa seg samd i innstillinga slik den låg føre, med forslag om endringar til Meland Paintballklubb og Husebøkrinsen bygdelag.

Plansaker Ungdomsrådet har fått til uttale:

Planprogram Midtmarka/Rotemyra

- «Ungdomsrådet tek framlegget til orientering og ser fram til å medverke i planarbeidet. Ungdomsrådet ber om at det vert satt fokus på småbarnsfamiliar og vil understreke behovet for skule og tilrettelegging for gang/sykkel og kollektivtransport, både lokalt og regionalt. Det er viktig at turstien til Håøya og friluftssinteressene vert tatt vare på. Ungdomsrådet vil òg understreke behovet for kulturtilbod og at det vert lagt til rette for eit trygt samfunn til lands og på sjøen.»

Workshop Midtmarka/Rotemyra

Ungdomsrådet hadde workshop med planleggjar frå Opus i samband med planlegginga av Midtmarka/Rotemyra. Det vart utarbeida ein rapport frå Ungdomsrådets sine innspel, som vart tatt inn i det vidare planarbeidet.

Saker Ungdomsrådet har teke opp på eige initiativ:

Fotgjengermønster i Frekhaug senter

Ungdomsrådet bad om tiltak for å informere kva for gangveg og fotgjengarovergang ein skal nytte og få folk til å nytte eksisterande fotgjengarsystem, òg for å hindre ulykker.

Busstilbod

Ungdomsrådet er bekymra for busstilbodet i kommunen, særleg på kveldstid og i andre område enn Frekhaug. Ungdom har få høve til å sjølv ta seg heim frå kultur- og treningstilbod på kveld og i helger. Ungdomsrådet bad om at det vert tatt opp å få oppretta fleire bussruter mot Vikebø og vidare nordover, særleg på kveldstid og i helgene, samt mot Moldekleiv.

UKM – Ungdomens kulturmønstring

Ungdomsrådet gjorde vedtak om å vere med som Unge arrangørar i UKM-systemet ved UKM Nordhordland 2016.

Deltaking på kurs og konferansar:

Nettverkssamling 2015 – Ungdomens fylkesutval

Nestleiarane Selma Jakobsen og Sofie Eikeland deltok på den årlege nettverkssamlinga som representantar for Meland Ungdomsråd. Jakobsen og Eikeland orientere resten av Ungdomsrådet i møte.

Kulturarrangement:

Meland Minifestival

Ungdomsrådet gjorde val av arrangementskomite, som sto for avvikling av ungdomsarrangement i Nordgardsløa juni 2015.

17. mai

Leiar Fredrik Johansen heldt 17.-maitala ved Meland kyrkje.

Generelt

Ungdomsrådet starta opp igjen i 2015, etter ein pause sidan desember 2012, og har nytta tida til å etablere arbeids- og møteopplegg. Dette har skapt gode erfaringar for 2016, der rådet skal jobbe vidare med saker frå 2015, delta på Ungdomens fylkesting, arrangere UKM og no ha fire møte i halvåret. Ungdomsrådet får i framtida alle plansaker til uttale.

Rådet hadde reviderte retningslinjer, godkjende i Kommunestyret i juni 2014, som har i hovudsak fungert godt, men med behov for nokre presiseringar:

- Det er behov for ei presisering av forholdet mellom Ungdomsrådet og dei politiske kontaktpersonane, sett i samanheng med tidlegare praksis, nabokommunar sine ordningar og Ungdomsrådet sine egne ønskje.
- Det er i praksis utfordrande å velje halve rådet på nytt kvart år, og ein kan sjå på om praksis skal nærme seg nabokommunar med å velje heile rådet kvart andre år.
- Det manglar presisering av 1. og 2. nestleiar i retningslinjene. Her må det i det minste etablerast ein fast praksis.

Innkalling/protokoll har vore sendt til representantane via Meland Ungdomsråd sin lukka Facebook-gruppe og kontaktlærarar ved skulane. For 2016 vil innkalling og protokoll òg verte sendt til ordførar, rådmann, leiarane for UDU og ULK og politiske kontaktpersonar. Protokollen skal refererast i Kommunestyret.

Frekhaug 12.02.2016

Ungdomsrådet i Meland

Eirik B. Utne

Eirik Bouwer Utne
Møtesekretær

Silje Nordal
leiar

Silje Nordal